



## Referat HARDANGER KULTURRÅD 26.04.2024

Tilstades:

Else Marie Sandal, Ullensvang kommune - leiar  
Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune  
Mary Ann Sørheim, Kvam herad  
Anne Marit Lekve, Ulvik herad

Adm:

Trude L. Rinaldo

### Sakliste:

#### **1. Hardanger Kulturråd. Kva rolle skal rådet ha?**

Hovudoppgåvane er Regionalt kulturfond Hardanger og Hardanger Berlin. Alle har mange oppgåver, og lite tid til å driva med regionale samarbeid. Tidlegare var det f.eks eit veldig sterkt og funksjonelt biblioteksamarbeid i Hardanger. Det er annaleis etter kommunereforma, og idag er samarbeidet meir drive av Vestland fylkeskommune.

#### **2. Hardanger Berlin. Drøfting**

Ordninga fungerar veldig bra. Sjølvsagt er det praktiske ting som må løysast etterkvart. Fylkeskommunen er positive til å samarbeida med oss, og aukar sitt bidrag med kr 30.000 dersom kvar kommunane aukar til kr 20.000 (tidlegare 15.000). I møtet har representantane sagt at dette vil dei innstilla på.

#### **3. Kva skjer i Kultursektoren i Hardangerkommunane**

##### **Ullensvang:**

Det skjer mykje og kulturlivet blomstrar. Stor aktivitet i Ullensvang, både med store og små oppsetningar.

Fortsatt nedgang i kinobesøk, så endring i tilbod kjem.

Gledeleg at ein endeleg skal få heis til den store kinosalen.

Stor omstillingfasen med store nedtak på drift, då må også kulturen knipa.

Er på turnelista til Teater Vestland.

Mange store planar er skrivne f.eks "Friluftshovudstaden".

Kulturmiljøplanen er eit stort arbeid ein skal igang med - her skal ein leiga inn ekstern konsulent.

##### **Ulvik:**

Mange driftsoppgåver innanfor kultur, næring og idrett.

Me tek del i ulike prosjekt, f.eks eit nytt formidlingssenter for Catharine Kølle. Her er Geir Netland engasjert som prosjektleiar.

Bagnstrond skule er seld. Det skal gjenskapast eit "skolemuseum" med gjenstandar frå det gamle skulehuset i eit rom i folkebiblioteket.

Det er mange oppgåver og få stillingsressursar innan kulturfeltet.

**Kvam:**

Det er omorganisering av eininga.

Har satsa på born og unge, og f.eks fritidskortet er veldig vellukka.

Etablerar BUA - inngår avtale med og vil ha det på plass til hausten

Fosse senteret i Strandebarm er svært aktiv, og både heradet og fylke er kobla på.

Håpar på statlege midlar til eit nasjonalt senter.

Dei bygger ny kino saman med ny Kvam vgs i Norheimsund.

**Eidfjord:**

Godt team som arbeider saman om oppgåvene eininga "Kultur, næring og berekraft".

Lisbeth Bygstad Celik er einingsleiar, Bergljot Marie Veivåg Hauso er kultursjef, Kari Lægreid førebyggingskoordinator med ansvar for barn og unge og Linda Præstiin er næringsrådgjevar. I tillegg skal dei tilsetja med klima som oppgåve. Så denne avdelinga veks. Det at fagfelta er så breitt samansett er svært positivt.

Hadde hatt opning av fyrste utstilling i vår, med fullt hus og mange unge. Veldig kjekt.

Dei skal ellers ha 3 utstillingar denne sommaren.

Teatergruppa "Eventyr i parken" kjem tilbake.

**4. Ymse**

Dato for neste møte vert fredag 21.juni 2024 kl 1000-1430 i Ulvik

Kinsarvik 26.04.2024

Else Marie Sandal  
Ullensvang kommune  
leiar Hardanger Kulturråd

Trude L. Rinaldo  
Hardanerrådet  
Sekretær Hardanger kulturråd